



Dette er Klammeren. Kjem det ikkje fiberdekning frå her og oppover før i 2018?

**Tidlegare låg fiberutbygging frå Klammeren til toppen av dalen inne i 2015, men no er utbygginga planlagt ein gong mellom 2015 og 2018, påpeikar Tore Mathiesen på Musland. Denne strekninga ligg etter den siste revisjonen som det sist planlagte prosjekt og Mathiesen antar at det ikkje vert planlagt ferdig før i 2018. Det er både han og andre oppsitjarar svært skuffa over.**

- Kvinnherad Breiband skryter over at dei snart har dekkja heile Kvinnherad men dei siste planane er ikkje særleg mykje å skryte av frå vårt synspunkt, seier Mathiesen.

I Breiband-administrasjonen sender dei ytringa frå Mathiesen til sjefen Svein Atle Nipen, men han er ikkje å treffa før over helga.

Utbygginga nord for fjorden som no er igang er det siste store løftet og det vil sikra ein dekningsgrad på over 99 prosent. Men det er ikkje utelukka at mindre prosjekt kan takast innimellom, vert det sagt i administrasjonen. Mykje kan avhenge av kostnaden. Nokre prosjekt kan vera svært dyre.

3 selskap er no i gang med utbygginga, det er Fibra, Opp og Reliacom, som dels heng seg på høgspanten og dels på lågspanten

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen